



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:
16.04.2019

Vår ref:
2019/6733

Dykkar dato:
12.03.2019

Dykkar ref:

Brødrene Hillersøy AS

Saksbehandlar, innvalstelefon
Magne Nesse, 5557 2335

Brevet sendt pr e-post til dag.hill@yahoo.no

Løyve til utdjuving ved undervasssprenging og utfylling i sjø på Nikøy for Brødrene Hillersøy AS

Fylkesmannen i Hordaland gjev Brødrene Hillersøy AS løyve til å utdjupe ved sprenging ca. 200 m³ faste massar i sjø ved gnr. 70, bnr. 16 på Nikøy i Askvoll kommune. Føremålet med sprenginga er auka seglingsdjupne framfor kai. Massane skal nyttast til forlenging av kai. Løyve er gjeve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6.

Vi viser til søknad datert 12. mars 2019.

Søknaden

Brødrene Hillersøy AS søker Fylkesmannen om løyve til utdjuving/sprenging i sjø av ei grunne for å auke seglingsdjupne inn mot verksemdas kai. Utsprengd stein skal nyttast til utfylling i sjø for å forlenge kaia. Det er berekna eit massevolum på 200 faste m³. Tiltaket skal skje utafør gnr. 70, bnr. 16 på Nikøy i Askvoll kommune. Verksemda ønsker å utføra tiltaket så snart som mogeleg. Entreprenør Tommy Solheim AS har inspisert grunna og fant bart fjell, inga lause massar/sediment. I Fiskeridirektoratets kartdatabase er det merka av ein låssettingsplass 240 meter nord for staden det skal sprengast.

Sakshandsaming

Askvoll kommune gav dispensasjon frå reguleringsplan for tiltaket i vedtak datert 23. mai 2018. Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum avklara at det ikkje var kjende marine kulturminne på staden, ifb høyring av dispensasjonen. Fiskeridirektoratet vart ikkje høyrte i plansaka og fekk saka på høyring. Fiskeridirektoratet seier i sin uttale datert 20. mars 2019 at dei vil ha med vilkår i løyvet om at sprenging ikkje kan skje når det står fisk i stenget, samt at det må setjast krav til innsamling av plast som kan fylgje av sprenging.

Fylkesmannen si grunngjeving

All mudring/utdjuving utført frå skip er forbode med mindre det er gjeve løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6. Fylkesmannen er mynde etter forskrifta og skal vurdere søknader etter Miljødirektoratets rettleiar M-350/2018 "Handtering av sedimentar".

E-postadresse:
fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



I dette tiltaket er det fast fjell som skal fjernast med undervasssprengning og nyttast som utfyllingsmassar. Det er ikkje teke prøvar av botn. Krav om sedimentundersøkingar kan utelatast der det er fast fjell som skal fjernast, då ev. forureiningar sit i botnsediment.

Søk i databasen Artskart og Naturbase 15. april 2019 viser ikkje funn av artar eller naturtypar nær tiltaksområdet som krev spesielle omsyn.

Det ligg ein låssettingsplass, Klongreskjeret, like nord for tiltaksområdet. Fylkesmannen legg vekt på uttale frå Fiskeridirektoratet og set vilkår om at sprenging ikkje kan utførast når det står fisk i stenet. Tiltakshavar må halde seg orientert om det blir stengsett fisk i området ved Nikkjøyna til Klongreskjera.

Eventuelle skyteleidningar, plastavfall m.m. skal samlast opp og leverast godkjend mottak.

Både forureiningssituasjonen og naturmangfaldet er kartlagt, og kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saken skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er dermed oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket vert vurdert som tilstrekkeleg, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova er ivaretatt ved at tiltaket er regulert med vilkår etter forureiningslova.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. Ut frå Fylkesmannens tidsbruk i denne saka, tek vi gebyr etter sats 7, 16 400 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Endring og omgjerung

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningstilhøva endrar seg, kan Fylkesmannen med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Rett til å klage

De har fått løyve til mudring/utdjuping og utfylling. Dersom det likevel skulle være noko de ønskjer å klage på, inkludert vedtaket om gebyr, kan de klage til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har motteke dette brevet. Klagen bør vere skriftleg grunngjeven, og skal sendast til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Magne Nesse
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Løyve med vilkår



Kopi med vedlegg: Askvoll kommune
Fiskeridirektoratet



Fylkesmannen i Vestland

Løyve til utdjuiping ved undervasssprenging og utfylling ved gnr. 70, bnr. 16 på Nikøy i Askvoll kommune for Brødrene Hillersøy AS

Fylkesmannen gjev Brødrene Hillersøy AS løyve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad datert 12. mars 2019. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betydning, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende beskjed til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Fylkesmannens referanse

Tillatelsesnummer	Anleggsnummer
2019.0331.T	1428.0067.01

Bedriftsdata

Bedrift	Brødrene Hillersøy AS
Postadresse	6987 Bulandet
Kommune og fylke	Askvoll, Sogn & Fjordane
Org.nummer/ eigd av	978923704 / 916006098

Løyve gjeven: 16. april 2019	
Sissel Storebø seksjonsleiar	Magne Nesse senioringeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift</i>	

1. Løyvet omfattar

1.1 Omfang

Løyvet gjeld utdjuving ved sprenging av inntil 200 m³ faste massar på Nikøy, utanfor gnr. 70, bnr. 16 i Askvoll kommune. Massane skal nyttast til utfylling i sjø for å forlengje kaia på same stad.

2. Generelle vilkår

2.1 Grunnlag for løyvet

Fylkesmannen legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 12. mars 2019 med mindre anna er avtalt med Fylkesmannen. Fylkesmannen skal varslast når arbeidet vert sett i gong.

2.2 Ansvar

Brødrene Hillersøy AS er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert haldne, og pliktar å sørgje for at dei som skal gjennomføre tiltaka er kjent med dei vilkår som gjeld.

2.3 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.4 Endring av løyve

Fylkesmannen kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, setje nye vilkår, og om nødvendig trekke løyvet tilbake, dersom vilkår gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Fylkesmannen har på same grunnlag rett til, på eitkvart tidspunkt, å stoppe tiltaket.

3. Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemda sette i verk risikoreducerande tiltak.

Verksemda plikter å sjå til at den som til ei kvar tid transporterer og dumper eller på anna måte handterer massar, har internkontrollsystem i tråd med vilkår 3.1.

3.2 Beredskapsplan

Verksemda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar, i flg. planen, kan oppstå.

3.2 Varsling om akutt forureining

Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining (nødnummer 110).

Verksemda skal også, så snart som mogeleg, varsle Fylkesmannen i slike tilfelle på fmv/post@fylkesmannen.no

4. Sprenging/ utdjuping

Av omsyn til registrerte låssettingsplass skal det ikkje utførast sprenging når det står fisk i stenet. Tiltakshavar må halde seg orientert om det blir stengsett fisk i området ved Nikkjøyna til Klongreskjera. For å unngå risiko for skade på fangst, må ein unngå sprengingsarbeid så lenge det står fisk i stenga.

Utdjuping ved sprenging og utfylling av utsprengt stein skal utførast så skånsamt som mogeleg for å redusere partikkelspreiing. Tiltaka skal gjennomførast innfor det arealet som er vist i søknaden. Eventuelle skyteleidningar, plastavfall m.m. skal samlast opp.

Dersom det oppstår unormale forhold som har eller kan få forureiningsmessige konsekvensar, skal tiltakshavar straks melde frå til Fylkesmannen.

5. Sluttrapport og tilsyn

5.1 Sluttrapport

Brødrene Hillersøy AS skal sende rapport til Fylkesmannen innan åtte veker etter at tiltaket er gjennomført. Rapporten skal innehalde:

- Opplysningar om kor store mengder masse som faktisk har blitt utdjupa (i m³ eller tonn).
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som vart sett i verk

5.2 Tilsyn

Tiltakseigar plikter å la representantar frå Fylkesmannen føre tilsyn med anlegget når som helst.